

**DELEGERT KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 65/2014**

2022/EØS/23/33

av 1. oktober 2013

**om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av steikjeomnar og avtrekkshetter til hushaldsbruk(\*)**

EUROPAKOMMISIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU av 19. mai 2010 om merking av og standardiserte vareopplysningar på energirelaterte produkt, som viser forbruket deira av energi og andre ressursar<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 10, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av direktiv 2010/30/EU skal Kommisjonen vedta delegerte rettsakter med omsyn til merking av energirelaterte produkt med omfattande energiøkonomiseringspotensial og med store skilnader i yttingsnivåa for same funksjonalitet.
- 2) Energien som vert nytta i elektriske steikjeomnar, utgjer ein stor del av det samla behovet for hushaldsenergi i Unionen. I tillegg til dei betringane i energieffektiviteten som alt er oppnådde, er det godt mogleg med endå større reduksjon av energiforbruket til desse apparata.
- 3) Ved kommisjonsdirektiv 2002/40/EF av 8. mai 2002 om gjennomføring av rådsdirektiv 92/75/EØF med hensyn til energimerking av elektriske steikeovner til husholdningsbruk<sup>(2)</sup> vart det innført føresegner om energimerking av elektriske steikjeomnar til hushaldsbruk.
- 4) Den teknologiske utviklinga har dei seinare åra vore stor når det gjeld kokeapparat til hushaldsbruk. Dei førebuande granskingsane som gjeld miljøvenleg utforming, har synt at gass-steikjeomnar og avtrekkshetter til hushaldsbruk representerer eit viktig

energiøkonomiseringspotensial. Direktiv 2002/40/EF bør opphevest, og nye føresegner bør fastsetjast for å sikre at energimerkinga på dynamisk vis stimulerer leverandørane til å gjere desse apparata endå meir energieffektive og framkunde omlegginga av marknaden mot ein energieffektiv teknologi.

- 5) Føresegnene i denne forordninga bør nyttast på elektriske steikjeomnar og gass-steikjeomnar til hushaldsbruk, medrekna steikjeomnar som er integrerte i komfyrar, og på elektriske avtrekkshetter til hushaldsbruk.
- 6) Ved denne forordninga bør det innførast ein revidert energieffektivitetsskala frå A<sup>+++</sup> til D for alle steikjeomnane som vert omfatta av forordninga, og ein ny energieffektivitetsskala frå A til G, der eit «+» skal leggjast til øvst på skalaen annakvart år inntil klasse A<sup>+++</sup> er nådd for avtrekkshetter til hushaldsbruk. Desse ytterlegare klassene bør leggjast til for å framkunde gjennomtrenginga av marknaden for svært effektive apparat.
- 7) Det er venta at den samla verknaden av dei føresegnene som er fastsette i denne forordninga, og i kommisjonsforordning (EU) nr. 66/2014<sup>(3)</sup> om krav til miljøvenleg utforming av steikjeomnar, kokeplater og avtrekkshetter til hushaldsbruk, vil vere ein reduksjon av det årlege forbruket av primærenergi med 27 PJ/år i 2020, og med heile 60 PJ/år innan 2030.
- 8) Lydeffektnivået til ei avtrekkshette til hushaldsbruk kan vere eit viktig aspekt for sluttbrukarane. Opplysningsar om lydeffektnivå bør takast med på etiketten til avtrekkshetter til hushaldsbruk, slik at sluttbrukarane kan gjere medvitne val.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 29 av 31.1.2014, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 311/2015 av 11. desember 2015 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering) og vedlegg IV (Energi), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 64 av 12.10.2017, s. 34.

(<sup>1</sup>) TEU L 153 av 18.6.2010, s. 1.

(<sup>2</sup>) TEF L 128 av 15.5.2002, s. 45.

(<sup>3</sup>) DEU L 29 av 31.1.2014, s. 33.

på det noverande utviklingssteget i teknikken, medrekna eventuelle harmoniserte standardar vedtekne av dei europeiske standardiseringsorgana, slik det er oppført i vedlegg I til europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 1025/2012 av 25. oktober 2012<sup>(1)</sup> om europeisk standardisering.

- 10) I denne forordninga bør det fastleggjast ei einsarta utforming og eit einsarta innhald ved merking av steikjeomnar til hushaldsbruk, medrekna steikjeomnar som er integrerte i komfyrar, og elektriske avtrekkshetter til hushaldsbruk.
- 11) Denne forordninga bør innehalde krav til den tekniske dokumentasjonen og databladet for steikjeomnar til hushaldsbruk, medrekna steikjeomnar som er integrerte i komfyrar, og elektriske avtrekkshetter til hushaldsbruk, òg når slike apparat vert nytta til andre føremål enn hushaldsbruk.
- 12) Denne forordninga bør omfatte krav til dei opplysningane som skal gjevast ved alle former for fjernsal, reklame og teknisk salsfremjande materiell for steikjeomnar til hushaldsbruk (medrekna steikjeomnar som er integrerte i komfyrar) og elektriske avtrekkshetter til hushaldsbruk, òg når slike apparat vert nytta til andre føremål enn hushaldsbruk.
- 13) Føresegnerne i denne forordninga bør vurderast på nyt med omsyn til dei teknologiske framstega, og særleg med omsyn til kor verknadsfulle og føremålstenlege den valde framgangsmåten er med tanke på å fastsetje energieffektivitetsklassane for steikjeomnar til hushaldsbruk —

#### VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

#### *Artikkel 1*

#### **Mål og verkeområde**

1. Ved denne forordninga vert det innført krav til merking og oppføring av utfyllande produktopplysningar som gjeld elektriske steikjeomnar og gass-steikjeomnar til hushaldsbruk (medrekna steikjeomnar som er integrerte i komfyrar), og elektriske avtrekkshetter til hushaldsbruk, òg når slike apparat vert selde til andre føremål enn hushaldsbruk.
2. Denne forordninga skal ikkje nyttast på
  - a) steikjeomnar som nyttar andre energikjelder enn elektrisitet eller gass,
  - b) steikjeomnar som har ein mikrobølgjeoppvarmingsfunksjon,
  - c) små steikjeomnar,
  - d) flyttbare steikjeomnar,
  - e) varmelagringsomnar,
  - f) steikjeomnar med vassdamp som primær oppvarmingsfunksjon,
  - g) steikjeomnar som er utforma for bruk berre med gassar i «den tredje familien» (propan og butan).

#### *Artikkel 2*

#### **Definisjonar**

I denne forordninga skal dei definisjonane som er fastsette i artikkel 2 i direktiv 2010/30/EU, nyttast. Vidare tyder:

- 1) «steikjeomn» eit apparat eller ein del av eit apparat som omfattar eitt eller fleire rom der det vert nytta elektrisitet og/eller gass, og der mat vert tilverka ved å nytte vanleg tilstand eller varmluftstilstand,
- 2) «rom» eit lukka omnsrom der temperaturen kan regulerast for tilverking av mat,
- 3) «steikjeomn med fleire rom» ein steikjeomn med to eller fleire rom som vert oppvarma kvar for seg,
- 4) «liten steikjeomn» ein steikjeomn der alle romma har ei breidd og djupn på under 250 mm, eller ei høgd på under 120 mm,
- 5) «flyttbar steikjeomn» ein steikjeomn med ei produktmasse på under 18 kilo, så framt han ikkje er utforma for innbygging i faste innretningar,
- 6) «mikrobølgjeoppvarming» oppvarming av mat ved hjelp av elektromagnetisk energi,
- 7) «vanleg tilstand» driftstilstanden i ein steikjeomn der den oppvarma lufta inne i steikjeomnsrommet vert sirkulert berre ved hjelp av naturleg konveksjon,
- 8) «varmluftstilstand» ein tilstand i ein steikjeomn der ei innbygd vifte sirkulerer den oppvarma lufta inne i steikjeomnsrommet,
- 9) «syklus» tidsrommet det tek å varme opp ei standardmengd i eit steikjeomnsrom under definerte tilhøve,
- 10) «komfyr» eit apparat som omfattar ein steikjeomn og ei kokeplate som nyttar gass eller elektrisitet,
- 11) «driftstilstand» tilstanden til ein steikjeomn som er i bruk,
- 12) «varmekjelde» den hovudenergiforma som vert nytta til oppvarming av ein steikjeomn,
- 13) «avtrekkshette» eit apparat som vert drive av ein motor som apparatet styrer, og som skal suge opp ureina luft over ei kokeplate, eller som omfattar eit kantventilasjonssystem som skal monterast like ved komfyren, kokeplatene eller liknande kokeutstyr, og som sug opp damp i eit innvendig avtrekksrør,
- 14) «automatisk funksjonstilstand under matlaging» ein tilstand der luftgjennomstrøyminga i avtrekkshetta vert styrt automatisk under matlaginga ved hjelp av følarar som tek omsyn til mellom anna fukt og temperatur,
- 15) «heilautomatisk avtrekkshette» ei avtrekkshette der luftgjennomstrøyminga og/eller andre funksjonar vert styrt automatisk ved hjelp av følarar som alltid er aktive, mellom anna under matlaginga,

(<sup>1</sup>) TEU L 316 av 14.11.2012, s. 12.

- 16) «punkt for beste verknadsgrad» (BEP) driftspunktet der avtrekkshetta har størst fluiddynamisk effektivitet ( $FDE_{hette}$ ),
- 17) «lysgjevingseffektivitet» ( $LE_{hette}$ ) høvet mellom den gjennomsnittlege lysstyrken til lysgjevingssystemet i avtrekkshetta til hushaldsbruk, og effekten til lysgjevingssystemet, uttrykt i lux/W,
- 18) «feittfiltreringseffektivitet» ( $GFE_{hette}$ ) den relative mengda feitt som samlar seg i feittfiltra til avtrekkshettene,
- 19) «avslått tilstand» ein tilstand der apparatet er kopla til straumnettet, men ingen av funksjonane er aktive, eller der apparatet berre viser at det er i avslått tilstand, eller berre held ved lag funksjonar som sikrar elektromagnetisk kompatibilitet i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/108/EF<sup>(1)</sup>,
- 20) «kviletilstand» ein tilstand der apparatet er kopla til straumnettet, er avhengig av energitilførsel frå straumnettet for å fungere som det skal, og berre tilbyr ein reaktiveringsfunksjon, eller ein reaktiveringsfunksjon og berre ein indikasjon på at reaktiveringsfunksjonen er innkopla, og/eller ei informasjons- eller statusvising,
- 21) «reaktiveringsfunksjon» ein funksjon som tillåt aktivering av andre tilstandar, medrekna aktiv tilstand, ved bruk av fjernstyring, også fjernkontroll, innbygd føilar eller tidsur, for å aktivere ytterlegare funksjonar, medrekna hovudfunksjonen,
- 22) «informasjons- eller statusvising» ein kontinuerleg funksjon som gjev informasjon om eller indikasjon på statusen til utstyret på ein skjerm, medrekna klokker,
- 23) «sluttbrukar» ein forbrukar som kjøper eller er venta å kjøpe eit produkt,
- 24) «utsalstad» ein stad der apparata vert utstilte og/eller tilbodne for sal eller leige,
- 25) «tilsvarande modell» ein modell som er bringa i omsetning med dei same tekniske parametrane som ein annan modell som den same produsenten eller importøren har bringa i omsetning med ein annan handelskode.

### *Artikkkel 3*

#### **Ansvarsområda til leverandørane og tidsplan**

Leverandørane skal syte for følgjande:

- 1) Når det gjeld etikettar, datablad og teknisk dokumentasjon:

- a) For steikjeomnar til hushaldsbruk:

- i) kvar steikjeomn til hushaldsbruk skal utstyrast med ein eller fleire prenta etikettar med opplysningar i det formatet som er fastsett i nr. 1 i vedlegg III, for kvart einskilt rom i steikjeomnen,
- ii) det skal leggjast fram eit produktdatablad som er utarbeidd etter del A i vedlegg IV, for steikjeomnar til hushaldsbruk som er bringa i omsetning,
- iii) den tekniske dokumentasjonen som er utarbeidd etter del A i vedlegg V, skal på oppmoding gjerast tilgjengeleg for styresmaktene i medlemsstatane,
- iv) alle annonsar for ein viss steikjeomnsmodell til hushaldsbruk skal ha opplysningar om energieffektivitetsklasse dersom annonsen inneholder opplysningar om energibruk eller pris,
- v) alt teknisk salsfremjande materiell som gjeld ein viss steikjeomnsmodell til hushaldsbruk, som omtalar dei særskilde tekniske parametrane til apparatet, skal innehalde opplysningar om energieffektivitetsklassen for denne modellen,
- vi) ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i nr. 1 i vedlegg III, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvart einskilt rom i kvar einskild steikjeomnsmodell til hushaldsbruk,
- vii) eit elektronisk produktdatablad som er utarbeidd etter del A i vedlegg IV, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild steikjeomnsmodell til hushaldsbruk.

b) For avtrekkshetter til hushaldsbruk:

- i) kvar avtrekkshette til hushaldsbruk skal utstyrast med ein prenta etikett med opplysningar i det formatet som er fastsett i nr. 2 i vedlegg III,
- ii) det skal leggjast fram eit produktdatablad som er utarbeidd etter del B i vedlegg IV, for avtrekkshetter til hushaldsbruk som er bringa i omsetning,
- iii) den tekniske dokumentasjonen som er utarbeidd etter del B i vedlegg V, skal på oppmoding gjerast tilgjengeleg for styresmaktene i medlemsstatane,
- iv) alle annonsar for ein viss avtrekkshettemodell til hushaldsbruk skal ha opplysningar om energieffektivitetsklassen dersom annonsen inneholder opplysningar om energibruk eller pris,
- v) alt teknisk salsfremjande materiell som gjeld ein viss avtrekkshettemodell til hushaldsbruk, som omtalar dei særskilde tekniske parametrane til apparatet, skal innehalde opplysningar om energieffektivitetsklassen for denne modellen,
- vi) ein elektronisk etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i nr. 2 i vedlegg III, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild avtrekkshettemodell til hushaldsbruk,

<sup>(1)</sup> Europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/108/EF av 15. desember 2004 om tilnærming av medlemsstatenes lover om elektromagnetisk kompatibilitet og om oppheving av direktiv 89/336/EØF (TEU L 390 av 31.12.2004, s. 24).

- vii) eit elektronisk produktdatablad som er utarbeidd etter del B i vedlegg IV, skal gjerast tilgjengeleg for forhandlarar for kvar einskild avtrekks-hettemodell til hushaldsbruk.
- 2) Når det gjeld energieffektivitetsklassar:
- For steikjeomnar til hushaldsbruk skal energieffektivitetsklassen til steikjeomsrommet fastsetjast i samsvar med nr. 1 i vedlegg I og nr. 1 i vedlegg II.
  - For avtrekkshetter til hushaldsbruk:
    - energieffektivitetsklassane skal fastsetjast i samsvar med nr. 2 a) i vedlegg I og nr. 2.1 i vedlegg II,
    - klassane av fluidodynamisk effektivitet skal fastsetjast i samsvar med nr. 2 b) i vedlegg I og nr. 2.2 i vedlegg II,
    - lysgevingseffektivitetsklassane skal fastsetjast i samsvar med nr. 2 c) i vedlegg I og nr. 2.3 i vedlegg II,
    - klassane av feittfiltreringseffektivitet skal fastsetjast i samsvar med nr. 2 d) i vedlegg I og nr. 2.4 i vedlegg II.
- 3) Når det gjeld etikettformata:
- For steikjeomnar til hushaldsbruk skal formatet til etiketten til steikjeomsrommet vere slik det er fastsett i nr. 1 i vedlegg III, for apparat som er bringa i omsetning frå 1. januar 2015.
  - For avtrekkshetter til hushaldsbruk skal formatet til etiketten vere slik det er fastsett i nr. 2 i vedlegg III, i samsvar med følgjande tidsplan:
    - for avtrekkshetter til hushaldsbruk som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2015 med energieffektivitetsklassane A, B, C, D, E, F og G, skal etikettane vere i samsvar med nr. 2.1.1 i vedlegg III (etikett 1) eller, når leverandørane finn det høveleg, med nr. 2.1.2 i det nemnde vedlegget (etikett 2),
    - for avtrekkshetter til hushaldsbruk som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2016 med energieffektivitetsklassane A<sup>+</sup>, A, B, C, D, E og F, skal etikettane vere i samsvar med nr. 2.1.2 i vedlegg III (etikett 2) eller, når leverandørane finn det høveleg, med nr. 2.1.3 i det nemnde vedlegget (etikett 3),
    - for avtrekkshetter til hushaldsbruk som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2018 med energieffektivitetsklassane A<sup>++</sup>, A<sup>+</sup>, A, B, C, D og E, skal etikettane vere i samsvar med nr. 2.1.3 i vedlegg III (etikett 3) eller, når leverandørane finn det høveleg, med nr. 2.1.4 i det nemnde vedlegget (etikett 4),
    - for avtrekkshetter som vert bringa i omsetning frå 1. januar 2020 med energieffektivitetsklassane A<sup>+++</sup>, A<sup>++</sup>, A<sup>+</sup>, A, B, C og D, skal etikettane vere i samsvar med nr. 2.1.4 i vedlegg III (etikett 4).

#### *Artikkelf 4*

#### **Ansvaret til forhandlarane**

Forhandlarane skal syte for følgjande:

- For steikjeomnar til hushaldsbruk:
  - kvar steikjeomn skal på utsalsstaden bere den etiketten som leverandøren har utarbeidd for kvart einskilt rom i samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav a) i), på framsida eller oversida av apparatet, eller like ved apparatet, slik at han er godt synleg og det går tydeleg fram at etiketten høyrer til modellen, utan at det skal vere naudsynt å lese merkenamnet og modellnummeret på etiketten,
  - steikjeomnar som er tilbodne for sal eller leige på ein slik måte at sluttbrukaren ikkje kan vente å få sjå produktet utstilt, slik det er gjort greie for i artikkel 7 i direktiv 2010/30/EU, skal marknadsførast med dei opplysningsane som er gjevne av leverandørane i samsvar med del A i vedlegg VI til denne forordninga, men dersom produktet vert tilbode på internett, skal føresegne i vedlegg VII nyttast,
  - all reklame for alle former for eller typar av fjernsal og marknadsføring av ein viss steikjeomsmodell skal ha ei tilvising til energieffektivitetsklassen dersom reklamen inneheld opplysningar om energibruk eller pris,
  - alt teknisk salsfremjande materiell som gjeld ein viss modell, og som omtalar dei tekniske parametrane til ein steikjeomn, skal innehalde energieffektivitetsklassen til denne modellen.
- For avtrekkshetter til hushaldsbruk:
  - kvar avtrekkshette til hushaldsbruk skal på utsalsstaden bere den etiketten som leverandøren har utarbeidd i samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav b) i), på framsida eller oversida av apparatet, eller like ved apparatet, slik at han er godt synleg og det går tydeleg fram at etiketten høyrer til modellen, utan at det skal vere naudsynt å lese merkenamnet og modellnummeret på etiketten,
  - avtrekkshetter til hushaldsbruk som er tilbodne for sal eller leige på ein slik måte at sluttbrukaren ikkje kan vente å få sjå produktet utstilt, slik det er gjort greie for i artikkel 7 i direktiv 2010/30/EU, skal marknadsførast med dei opplysningsane som er gjevne av leverandørane i samsvar med del B i vedlegg VI til denne forordninga, men dersom produktet vert tilbode på internett, skal føresegne i vedlegg VII nyttast,
  - all reklame for alle former for eller typar av fjernsal og marknadsføring av ein viss avtrekkshettemodell til hushaldsbruk skal ha ei tilvising til energieffektivitetsklassen dersom reklamen inneheld opplysningar om energibruk eller pris,
  - alt teknisk salsfremjande materiell som gjeld ein viss modell, og som omtalar dei tekniske parametrane til ei avtrekkshette til hushaldsbruk, skal innehalde energieffektivitetsklassen til denne modellen.

*Artikkels 5***Måle- og utrekningsmetodar**

Dei opplysingane som skal gjevast i medhald av artikkels 3 og 4, skal bygge på pålitelege, nøyaktige og reproduserbare utreknings- og målemetodar som representerer det noverande utviklingssteget i teknikken.

*Artikkels 6***Framgangsmåte for verifisering for marknadstilsynsfremål**

Når styresmaktene i medlemsstatane utfører marknadstilsynskontroll for å kontrollere at dei krava som er fastsette i denne forordninga, er oppfylte, skal dei nytte den framgangsmåten for verifisering som det er gjort greie for i vedlegg VIII.

*Artikkels 7***Revisjon**

Kommisjonen skal vurdere denne forordninga på nytt i lys av den teknologiske utviklinga innan 1. januar 2021.

*Artikkels 8***Oppheving**

Kommisjonsdirektiv 2002/40/EF vert oppheva frå 1. januar 2015.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 1. oktober 2013.

*Artikkels 9***Overgangsføresegner**

1. Steikjeomnar til hushaldsbruk som er i samsvar med føresegnene i denne forordninga, og som er bringa i omsetning eller tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling før 1. januar 2015, skal reknast for å oppfylle krava i direktiv 2002/40/EF.
2. Frå 1. januar til 1. april 2015 kan forhandlarar nytte artikkels 4 nr. 1 bokstav b) på visse steikjeomnar som høyrer inn under den nemnde føresegna.
3. Frå 1. januar til 1. april 2015 kan forhandlarar nytte artikkels 4 nr. 2 bokstav b) på visse avtrekkshetter som høyrer inn under den nemnde føresegna.

*Artikkels 10***Iverksetjing og bruk**

1. Denne forordninga tek til å gjelde den 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.
2. Ho skal nyttast frå 1. januar 2015. Artikkels 3 nr. 1 bokstav a) punkt iv) og v), artikkels 3 nr. 1 bokstav b) punkt iv) og v), artikkels 4 nr. 1 bokstav b), c) og d), og artikkels 4 nr. 2 bokstav b), c) og d) skal derimot nyttast frå 1. april 2015.

*For Kommisjonen*

José Manuel BARROSO

*President*

**VEDLEGG I****Effektivitetsklassar****1. STEIKJEOMNAR TIL HUSHALDSBRUK**

Energieffektivitetsklassane for steikjeomnar til hushaldsbruk skal fastsetjast kvar for seg for kvart einskilt rom i samsvar med dei verdiene som er ført opp i tabell 1 i dette vedleget. Energieffektiviteten til steikjeomnar skal fastsetjast i samsvar med nr. 1 i vedlegg II.

*Tabell 1***Energieffektivitetsklassar for steikjeomnar til hushaldsbruk**

Energieffektivitetskasse	Energieffektivitetsindeks (EEI <sub>rom</sub> )
A+++ (mest effektiv)	EEI <sub>rom</sub> < 45
A++	45 ≤ EEI <sub>rom</sub> < 62
A+	62 ≤ EEI <sub>rom</sub> < 82
A	82 ≤ EEI <sub>rom</sub> < 107
B	107 ≤ EEI <sub>rom</sub> < 132
C	132 ≤ EEI <sub>rom</sub> < 159
D (minst effektiv)	EEI <sub>rom</sub> ≥ 159

**2. AVTREKKSHETTER TIL HUSHALDSBRUK**

- a) Energieffektivitetsklassane for avtrekkshetter til hushaldsbruk skal fastsetjast i samsvar med dei verdiene som er ført opp i tabell 2 i dette vedleget. Energieffektivitetsindeksen (EEI<sub>hette</sub>) for avtrekkshetter til hushaldsbruk skal reknast ut i samsvar med nr. 2.1 i vedlegg II.

*Tabell 2***Energieffektivitetsklassar for avtrekkshetter til hushaldsbruk**

Energieffektivitetskasse	Energieffektivitetsindeks (EEI <sub>hette</sub> )			
	Etikett 1	Etikett 2	Etikett 3	Etikett 4
A+++ (mest effektiv)				EEI <sub>hette</sub> < 30
A++			EEI <sub>hette</sub> < 37	30 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 37
A+		EEI <sub>hette</sub> < 45	37 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 45	37 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 45
A	EEI <sub>hette</sub> < 55	45 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 55	45 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 55	45 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 55
B	55 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 70	55 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 70	55 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 70	55 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 70
C	70 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 85	70 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 85	70 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 85	70 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 85
D	85 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 100	85 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 100	85 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 100	EEI <sub>hette</sub> ≥ 85
E	100 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 110	100 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 110	EEI <sub>hette</sub> ≥ 100	
F	110 ≤ EEI <sub>hette</sub> < 120	EEI <sub>hette</sub> ≥ 110		
G (minst effektiv)	EEI <sub>hette</sub> ≥ 120			

- b) Klassane av fluiddynamisk effektivitet for ei avtrekkshette til hushaldsbruk skal fastsetjast i samsvar med den fluiddynamiske effektiviteten ( $FDE_{hette}$ ) til avtrekkshetta, som i tabell 3 nedanfor. Den fluiddynamiske effektiviteten til avtrekkshetter til hushaldsbruk skal fastsetjast i samsvar med nr. 2.2 i vedlegg II.

*Tabell 3***Klassar av fluiddynamisk effektivitet for avtrekkshetter til hushaldsbruk**

Klasse av fluiddynamisk effektivitet	Fluiddynamisk effektivitet ( $FDE_{hette}$ )
A (mest effektiv)	$FDE_{hette} > 28$
B	$23 < FDE_{hette} \leq 28$
C	$18 < FDE_{hette} \leq 23$
D	$13 < FDE_{hette} \leq 18$
E	$8 < FDE_{hette} \leq 13$
F	$4 < FDE_{hette} \leq 8$
G (minst effektiv)	$FDE_{hette} \leq 4$

- c) Lysgjevingseffektivitetsklassane for ei avtrekkshette til hushaldsbruk skal fastsetjast i samsvar med lysgjevingseffektiviteten ( $LE_{hette}$ ) til avtrekkshetta, som i tabell 4 nedanfor. Lysgjevingseffektiviteten til avtrekkshetter til hushaldsbruk skal fastsetjast i samsvar med nr. 2.3 i vedlegg II.

*Tabell 4***Lysgjevingseffektivitetsklassar for avtrekkshetter til hushaldsbruk**

Lysgjevingseffektivitetsklasse	Lysgjevingseffektivitet ( $LE_{hette}$ )
A (mest effektiv)	$LE_{hette} > 28$
B	$20 < LE_{hette} \leq 28$
C	$16 < LE_{hette} \leq 20$
D	$12 < LE_{hette} \leq 16$
E	$8 < LE_{hette} \leq 12$
F	$4 < LE_{hette} \leq 8$
G (minst effektiv)	$LE_{hette} \leq 4$

- d) Klassane av feittfiltreringseffektivitet for ei avtrekkshette til hushaldsbruk skal fastsetjast i samsvar med feittfiltreringseffektiviteten ( $GFE_{hette}$ ) til avtrekkshetta, som i tabell 5 nedanfor. Feittfiltreringseffektiviteten til avtrekkshetter til hushaldsbruk skal fastsetjast i samsvar med nr. 2.4 i vedlegg II.

*Tabell 5***Klassar av feittfiltreringseffektivitet ( $GFE_{hette}$ ) for avtrekkshetter til hushaldsbruk**

Klasse av feittfiltreringseffektivitet	Feittfiltreringseffektivitet (%)
A (mest effektiv)	$GFE_{hette} > 95$
B	$85 < GFE_{hette} \leq 95$
C	$75 < GFE_{hette} \leq 85$
D	$65 < GFE_{hette} \leq 75$
E	$55 < GFE_{hette} \leq 65$
F	$45 < GFE_{hette} \leq 55$
G (minst effektiv)	$GFE_{hette} \leq 45$

***VEDLEGG II*****Målingar og utrekningar**

Når det gjeld samsvar og kontroll med oppfylling av krava i denne forordninga, skal det nyttast ein påliteleg, nøyaktig og reproducerebar måle- og utrekningsmetode som representerer det noverande utviklingssteget i teknikken, medrekna harmoniserte standardar der referansenumra er offentleggjorde for dette føremålet i Tidend for Den europeiske unionen. Dei skal vere i samsvar med dei tekniske definisjonane, vilkåra, likningane og parametrane som er oppførte i dette vedlegget.

**1. STEIKJEOMNAR TIL HUSHALDSBRUK**

Energiforbruket til eit rom i ein steikjeomn til hushaldsbruk skal målast i ein standardisert syklus, i vanleg tilstand og eventuelt i varmlufttilstand, ved å varme opp ei standardmengd som er bløytt med vatn. Det skal kontrollerast at temperaturen inne i steikjeomnsrommet når den temperaturen som termostaten og/eller styringspanelet er innstilt på, innan prøvingssyklusen er omme. Energiforbruket per syklus i den driftstilstanden som gjev det beste resultatet (vanleg tilstand eller varmluft tilstand), skal nyttast i utrekningane nedanfor.

Energieffektivitsindeksen ( $EEI_{rom}$ ) for kvar einskilt rom i steikjeomnen til hushaldsbruk skal reknast ut med følgjande formlar:

For elektriske steikjeomnar til hushaldsbruk:

$$EEI_{rom} = \frac{EC_{elektrisk\ rom}}{SEC_{elektrisk\ rom}} \times 100$$

$$SEC_{elektrisk\ rom} = 0,0042 \times V + 0,55 \text{ (i kWh)}$$

For gass-steikjeomnar til hushaldsbruk:

$$EEI_{rom} = \frac{EC_{gassrom}}{SEC_{gassrom}} \times 100$$

$$SEC_{gassrom} = 0,044 \times V + 3,53 \text{ (i MJ)}$$

der:

- $EEI_{rom}$  = energieffektivitsindeks for kvar einskilt rom i ein steikjeomn til hushaldsbruk, uttrykt i prosent og avrunda til éin desimal,
- $SEC_{elektrisk\ rom}$  = standardenergiforbruk (elekrisitet) ved oppvarming av ei standardmengd i eit rom i ein elektrisk oppvarma steikjeomn til hushaldsbruk i løpet av ein syklus, uttrykt i kWh og avrunda til to desimalar,
- $SEC_{gassrom}$  = standardenergiforbruk ved oppvarming av ei standardmengd i eit rom i ein gassvarma steikjeomn til hushaldsbruk i løpet av ein syklus, uttrykt i MJ og avrunda til to desimalar,
- $V$  = romvolumet til steikjeomnen til hushaldsbruk i liter (L), avrunda til nærmaste heiltal,
- $EC_{elektrisk\ rom}$  = energiforbruk ved oppvarming av ei standardmengd i eit rom i ein elektrisk oppvarma steikjeomn til hushaldsbruk i løpet av ein syklus, uttrykt i kWh og avrunda til to desimalar,
- $EC_{gassrom}$  = energiforbruk ved oppvarming av ei standardmengd i eit gassvarma rom i ein steikjeomn til hushaldsbruk i løpet av ein syklus, uttrykt i MJ og avrunda til to desimalar.

**2. AVTREKKSHETTER TIL HUSHALDSBRUK****2.1. Utrekning av energieffektivitsindeksen ( $EEI_{hette}$ )**

Energieffektivitsindeksen ( $EEI_{hette}$ ) skal reknast ut på følgjande måte:

$$EEI_{hette} = \frac{AEC_{hette}}{SAEC_{hette}} \times 100$$

og avrundast til éin desimal,

der:

- $SAEC_{hette}$  er det årlege standardenergiforbruket til avtrekkshetta til hushaldsbruk, uttrykt i kWh/år og avrunda til éin desimal,
- $AEC_{hette}$  er det årlege energiforbruket til avtrekkshetta til hushaldsbruk, uttrykt i kWh/år og avrunda til éin desimal.

Det årlege standardenergiforbruket ( $SAEC_{hette}$ ) til ei avtrekkshette til hushaldsbruk skal reknast ut på følgjande måte:

$$SAEC_{hette} = 0,55 \times (W_{BEP} W_L) + 15,3$$

der:

- $W_{BEP}$  er den elektriske inngangseffekten til avtrekkshetta til hushaldsbruk ved punktet for beste verknadsgrad, uttrykt i watt og avrunda til éin desimal,
- $W_L$  er den nominelle elektriske inngangseffekten til lysgjevingssystemet over kokeflata, uttrykt i watt og avrunda til éin desimal.

Det årlege energiforbruket ( $AEC_{hette}$ ) til ei avtrekkshette til hushaldsbruk skal reknast ut på følgjande måte:

- For heilautomatiske avtrekkshetter til hushaldsbruk:

$$AEC_{hette} = \left[ \frac{(W_{BEP} \times t_H \times f) + (W_L \times t_L)}{60 \times 1000} + \frac{P_o \times (1440 - t_H \times f)}{2 \times 60 \times 1000} + \frac{P_s \times (1440 - t_H \times f)}{2 \times 60 \times 1000} \right] \times 365$$

- For alle andre avtrekkshetter til hushaldsbruk:

$$AEC_{hette} = \frac{[W_{BEP} \times (t_H \times f) + W_L \times t_L]}{60 \times 1000} \times 365$$

der:

- $t_L$  er den gjennomsnittlege lysgjevingstida per dag, uttrykt i minuttar ( $t_L = 120$ ),
- $t_H$  er den gjennomsnittlege driftstida per dag for avtrekkshetter til hushaldsbruk, uttrykt i minuttar ( $t_H = 60$ ),
- $P_o$  er den elektriske inngangseffekten i avslått tilstand for avtrekkshetta til hushaldsbruk, uttrykt i watt og avrunda til to desimalar,
- $P_s$  er den elektriske inngangseffekten i kviletilstand for avtrekkshetta til hushaldsbruk, uttrykt i watt og avrunda til to desimalar,
- $f$  er tidslengingsfaktoren utrekna og avrunda til éin desimal på følgjande måte:

$$f = 2 - (FDE_{hette} \times 3,6)/100$$

## 2.2. Utrekning av den fluiddynamiske effektiviteten (FDE<sub>hette</sub>)

Den fluiddynamiske effektiviteten ( $FDE_{hette}$ ) ved punktet for beste verknadsgrad skal reknast ut ved hjelp av følgjande formel og avrundast til éin desimal:

$$FDE_{hette} = \frac{Q_{BEP} \times P_{BEP}}{3600 \times W_{BEP}} \times 100$$

der:

- $Q_{BEP}$  er gjennomstrøymingsfarten i avtrekkshetta til hushaldsbruk ved punktet for beste verknadsgrad, uttrykt i  $m^3/h$  og avrunda til éin desimal,
- $P_{BEP}$  er den statiske trykkforskjellen i avtrekkshetta til hushaldsbruk ved punktet for beste verknadsgrad, uttrykt i Pa og avrunda til nærmeste heiltal,
- $W_{BEP}$  er den elektriske inngangseffekten til avtrekkshetta til hushaldsbruk ved punktet for beste verknadsgrad, uttrykt i watt og avrunda til éin desimal.

### 2.3. Utrekning av lysgjevingseffektiviteten (LE<sub>hette</sub>)

Lysgjevingseffektiviteten (LE<sub>hette</sub>) til ei avtrekkshette til hushaldsbruk er høvet mellom den gjennomsnittlege lysstyrken og den nominelle elektriske inngangseffekten til lysgjevingssystemet. Han skal reknast ut i lux per watt og avrundast til nærmaste heiltal på følgjande måte:

$$LE_{\text{hette}} = \frac{E_{\text{gjennomsnitt}}}{W_L}$$

der:

- $E_{\text{gjennomsnitt}}$  er den gjennomsnittlege lysstyrken til lysgjevingssystemet over kokeflata, målt under standardtilhøve, uttrykt i lux og avrunda til nærmaste heiltal,
- $W_L$  er den nominelle elektriske inngangseffekten til lysgjevingssystemet over kokeflata, uttrykt i watt og avrunda til éin desimal.

### 2.4. Utrekning av feittfiltreringseffektiviteten (GFE<sub>hette</sub>)

Feittfiltreringseffektiviteten (GFE<sub>hette</sub>) til ei avtrekkshette til hushaldsbruk er den relative mengda feitt som samlar seg i feittfiltra til avtrekkshetta. Han skal reknast ut og avrundast til éin desimal på følgjande måte:

$$GFE_{\text{hette}} = [w_g(w_r + w_t + w_g)] \times 100 [\%]$$

der:

- $w_g$  = oljemengda i feittfilteret, medrekna alle avtakbare dekkplater, uttrykt i g og avrunda til éin desimal,
- $w_r$  = oljemengda som samlar seg i luftkanalane til avtrekkshetta, uttrykt i g og avrunda til éin desimal,
- $w_t$  = oljemengda som samlar seg i absoluttfilteret, uttrykt i g og avrunda til éin desimal.

### 2.5. Støy


Støyverdien (i dB) skal målast som den A-vegne luftstøyen (vegen gjennomsnittsverdi — L<sub>WA</sub>) frå ei avtrekkshette til hushaldsbruk ved den høgste innstillinga for normal bruk, og avrundast til nærmaste heiltal.

**VEDLEGG III****Etiketten**

## 1. ETIKETT TIL STEIKJEOMNAR TIL HUSHALDSBRUK

1.1. **Elektriske steikjeomnar til hushaldsbruk**

1.1.1. *Utforming av etiketten – for kvart einskilt rom i ein elektrisk steikjeomn til hushaldsbruk*




#### 1.1.2. Etikettopplysningar – elektriske steikjeomnar til hushaldsbruk

Opplysningsane nedanfor skal vere påførte etiketten:

- I. Namnet eller varemerket til leverandøren.
- II. Modellnemninga til leverandøren, der «modellnemning» tyder koden, vanlegvis alfanumerisk, som skil ein viss steikjeomnsmodell til hushaldsbruk frå andre modellar med same varemerke eller leverandør.
- III. Energikjelda til steikjeomnen til hushaldsbruk.
- IV. Energieffektivitetsklassen til rommet fastsett i samsvar med vedlegg I. Pila som viser klassifiseringsbokstaven, skal plasserast jamhøgt med pila som viser den aktuelle energieffektivitetsklassen.
- V. Nyttevolumet til rommet, uttrykt i liter og avrunda til nærmaste heiltal.
- VI. Energiforbruket per syklus til oppvarmingsfunksjonen eller -funksjonane (vanleg og eventuelt varmluft) i rommet, uttrykt i kWh/syklus (elektrisitetsforbruk) på grunnlag av ei standardmengd fastsett i samsvar med prøvingsmetodane og avrunda til to desimalar ( $EC_{elektrisk\ rom}$ ).

#### 1.1.3. Utforming av etiketten – elektriske steikjeomnar til hushaldsbruk

Etiketten til kvart einskilt rom i ein elektrisk steikjeomn til hushaldsbruk skal utformast slik figuren nedanfor viser:



#### Forklaringar:

- I. Etiketten skal vere minst 85 mm brei og 170 mm høg. Dersom etiketten vert prenta i eit større format, skal innhaldet likevel ha dei proporsjonane som er oppførte ovanfor.
- II. Bakgrunnen skal vere kvit.
- III. Fargane skal vere CMYK — cyan, magenta, gult og svart, som i dette dømet: 00-70-X-00: 0 % cyan, 70 % magenta, 100 % gult, 0 % svart.
- IV. Etiketten skal oppfylle alle krava nedanfor (tala viser til figuren ovanfor).

**1 Kantlinje:** 4 pt — farge: cyan 100 % — avrunda hjørne: 3 mm.

**2 EU-logo:** fargar: X-80-00-00 og 00-00-X-00.

**3 Energilogofarge:** X-00-00-00; pictogram slik figuren viser: EU-logo og energietikett: breidd: 70 mm, høgd: 14 mm.

**4 Linje under logoane:** 1,5 pt — farge: cyan 100 % — lengd: 70 mm.

**5 Skala for energiklassar**

— *Pil:* høgd: 5,5 mm, mellomrom: 1 mm — fargar:

Høgste klasse: X-00-X-00

Andre klasse: 70-00-X-00

Tredje klasse: 30-00-X-00

Fjerde klasse: 00-00-X-00

Femte klasse: 00-30-X-00

Sjette klasse: 00-70-X-00

Lågaste klasse: 00-X-X-00

— *Tekst:* Calibri utheva 18 pt, versalar og kvit; «+»-symbolet: Calibri utheva 12 pt, kvit, justert på éi linje.

**6 Energieffektivitetsklasse**

— *Pil:* breidd: 20 mm, høgd: 10 mm, 100 % svart.

— *Tekst:* Calibri utheva 24 pt, versalar og kvit; «+»-symbolet: Calibri utheva 18 pt, kvit, justert på éi linje.

**7 Energiforbruk per syklus**

— *Kantlinje:* 1,5 pt — farge: cyan 100 % — avrunda hjørne: 3 mm.

— *Verdi:* Calibri utheva 19 pt, 100 % svart; og Calibri normal 10 pt, 100 % svart.

**8 Volum**

— *Kantlinje:* 1,5 pt — farge: cyan 100 % — avrunda hjørne: 3 mm.

— *Verdi:* Calibri utheva 20 pt, 100 % svart; og Calibri normal 10 pt, 100 % svart.

**9 Asterisk:** Calibri normal 6 pt, 100 % svart.

**10 Nummeret til forordninga:** Calibri utheva 10 pt, 100 % svart


**11 Namnet eller varemerket til leverandøren**

**12 Modellnemninga til leverandøren**

**13** Namnet på eller varemerket til leverandøren og modellnemninga bør få plass i eit felt på 70 × 13 mm.

## 1.2. Gass-steikjeomnar til hushaldsbruk

### 1.2.1. Utforming av etiketten – for kvar einskilt rom i ein gass-steikjeomn til hushaldsbruk



### 1.2.2. Etikettopplysningar


Opplysningane nedanfor skal vere påførte etiketten:

- I. Namnet eller varemerket til leverandøren.
- II. Modellnemninga til leverandøren, der «modellnemning» tyder koden, vanlegvis alfanumerisk, som skil ein viss steikjeomnsmodell til hushaldsbruk frå andre modellar med same varemerke eller leverandør.
- III. Energikjeda til steikjeomnen til hushaldsbruk.

- IV. Energieffektivitetsklassen til rommet fastsett i samsvar med vedlegg I. Pila som viser klassifiseringsbokstaven, skal plasserast jamhøgt med pila som viser den aktuelle energieffektivitetsklassen.
- V. Nyttevolumet til rommet, uttrykt i liter og avrunda til nærmeste heiltal.
- VI. Energiforbruket per syklus til oppvarmingsfunksjonen eller -funksjonane (vanleg eller eventuelt varmluft) i rommet, uttrykt i MJ/syklus og i kWh/syklus<sup>(1)</sup> (gassforbruk) på grunnlag av ei standardmengd fastsett i samsvar med prøvingsmetodane og avrunda til to desimalar ( $EC_{gassrom}$ ).

#### 1.2.3. Utforming av etiketten – gass-steikjeomnar til hushaldsbruk

Etiketten til kvart einskilt rom i ein gass-steikjeomn til hushaldsbruk skal utformast slik figuren nedanfor viser:



<sup>(1)</sup> 1 kWh/syklus = 3,6 MJ/syklus.

**Forklaringar:**

- I. Etiketten skal vere minst 85 mm brei og 170 mm høg. Dersom etiketten vert prenta i eit større format, skal innhaldet likevel ha dei proporsjonane som er oppførte ovanfor.
- II. Bakgrunnen skal vere kvit.
- III. Fargane skal vere CMYK — cyan, magenta, gult og svart, som i dette dømet: 00-70-X-00: 0 % cyan, 70 % magenta, 100 % gult, 0 % svart.
- IV. Etiketten skal oppfylle alle krava nedanfor (tala viser til figuren ovanfor).

**1 Kantlinje:** 4 pt — farge: cyan 100 % — avrunda hjørne: 3 mm.

**2 EU-logo:** fargar: X-80-00-00 og 00-00-X-00.

**3 Energilogos:** farge: X-00-00-00; pictogram slik figuren viser: EU-logo og energietikett: breidd: 70 mm, høgd: 14 mm.

**4 Linje under logoane:** 1,5 pt — farge: cyan 100 % — lengd: 70 mm.

**5 Skala for energiklassar**

— *Pil:* høgd: 5,5 mm, mellomrom: 1 mm — fargar:

Høgste klasse: X-00-X-00

Andre klasse: 70-00-X-00

Tredje klasse: 30-00-X-00

Fjerde klasse: 00-00-X-00

Femte klasse: 00-30-X-00

Sjette klasse: 00-70-X-00

Lågaste klasse: 00-X-X-00

— *Tekst:* Calibri uthøva 18 pt, versalar og kvit; «+»-symbolet: Calibri uthøva 12 pt, kvit, justert på éi linje.

**6 Energoeffektivitetsklasse**

— *Pil:* breidd: 20 mm, høgd: 10 mm, 100 % svart.

— *Tekst:* Calibri uthøva 24 pt, versalar og kvit; «+»-symbolet: Calibri uthøva 18 pt, kvit, justert på éi linje.

**7 Energiforbruk per syklus**

— *Kantlinje:* 1,5 pt — farge: cyan 100 % — avrunda hjørne: 3 mm.

— *Verdi:* Calibri uthøva 19 pt, 100 % svart; og Calibri normal 10 pt, 100 % svart.

**8 Volum**

— *Kantlinje:* 1,5 pt — farge: cyan 100 % — avrunda hjørne: 3 mm.

— *Verdi:* Calibri uthøva 20 pt, 100 % svart; og Calibri normal 10 pt, 100 % svart.

**9 Asterisk:** Calibri normal 6 pt, 100 % svart.

**10 Nummeret til forordninga:** Calibri uthøva 10 pt, 100 % svart

**11 Namnet eller varemerket til leverandøren**


**12 Modellnemninga til leverandøren**

**13** Namnet på eller varemerket til leverandøren og modellnemninga bør få plass i eit felt på 70 × 13 mm.


## 2. ETIKETT TIL AVTREKKSHETTER TIL HUSHALDSBRUK

## 2.1. Etikettformat


2.1.1. Avtrekkshetter til hushaldsbruk i energieffektivitetsklasse A til G (etikett 1)




## 2.1.2. Avtrekkshetter til hushaldsbruk i energieffektivitetsklasse A+ til F (etikett 2)



## 2.1.3. Avtrekkshetter til hushaldsbruk i energieffektivitetsklasse A++ til E (etikett 3)



## 2.1.4. Avtrekkshetter til hushaldsbruk i energieffektivitetsklasse A+++ til D (etikett 4)




**2.2. Etikettopplysningar – avtrekkshetter til hushaldsbruk**

Opplysningane nedanfor skal vere påførte etiketten:

- I. Namnet eller varemerket til leverandøren.
- II. Modellnemninga tilleverandøren, der «modellnemning» tyder koden, vanlegvis alfanumerisk, som skil ein viss avtrekkshettemodell til hushaldsbruk frå andre modellar med same varemerke eller leverandør.
- III. Energieffektivitetsklassen til avtrekkshetta til hushaldsbruk fastsett i samsvar med vedlegg I. Pila som viser energieffektivitetsklassen til avtrekkshetta til hushaldsbruk, skal plasserast jamhøgt med pilen som viser den aktuelle energieffektivitetsklassen.
- IV. Årleg energiforbruk (AEC<sub>hette</sub>) utrekna i samsvar med vedlegg II, uttrykt i kWh og avrunda til nærmaste heiltal.
- V. Klassen av fluiddynamisk effektivitet fastsett i samsvar med vedlegg I.
- VI. Lysgjevingseffektivitetsklassen fastsett i samsvar med vedlegg I.
- VII. Klassen av feittfiltreringseffektivitet, fastsett i samsvar med vedlegg I.
- VIII. Støyverdien, fastsett i samsvar med nr. 2.5 i vedlegg II og avrunda til nærmaste heiltal.

### 2.3. Utforming av etiketten – avtrekkshetter til hushaldsbruk

Etiketten skal utformast slik figuren nedenfor viser.



Forklaringar:

- Eтикеттн skal vere minst 60 mm brei og 120 mm høg. Dersom etiketten vert prenta i eit større format, skal innhaldet likevel ha dei proporsjonane som er oppførte ovanfor.
- Bakgrunnen skal vere kvit.

- iii) Fargane skal vere CMYK — cyan, magenta, gult og svart, som i dette dømet: 00-70-X-00: 0 % cyan, 70 % magenta, 100 % gult, 0 % svart.
- iv) Etiketten skal oppfylle alle krava nedanfor (tala viser til figuren ovanfor).

**1 Kantlinje:** 3 pt — fargar: cyan 100 % — avrunda hjørne: 2 mm.

**2 EU-logo:** fargar: X-80-00-00 og 00-00-X-00.

**3 Energilogos:** farge: X-00-00-00; pictogram slik figuren viser: EU-logo og energietikett: breidd: 51 mm, høgd: 10 mm.

**4 Linje under logoane:** 1 pt — fargar: cyan 100 % — lengd: 51 mm.

#### **5 Skala for energiklassar**

— *Pil:* høgd: 4 mm, mellomrom: 0,75 mm — fargar:

Høgste klasse: X-00-X-00

Andre klasse: 70-00-X-00

Tredje klasse: 30-00-X-00

Fjerde klasse: 00-00-X-00

Femte klasse: 00-30-X-00

Sjette klasse: 00-70-X-00

Lågaste klasse: 00-X-X-00

— *Tekst:* Calibri uthøva 10 pt, versalar og kvit; «+»-symbolet: Calibri uthøva 7 pt, kvit, justert på éi linje.

#### **6 Energoeffektivitetsklasse**

— *Pil:* breidd: 15 mm, høgd: 8 mm, 100 % svart.

— *Tekst:* Calibri uthøva 17 pt, versalar og kvit; «+»-symbolet: Calibri uthøva 12 pt, kvit, justert på éi linje.

#### **7 Årleg energiforbruk**

— *Kantlinje:* 1 pt — farge: cyan 100 % — avrunda hjørne: 2,5 mm.

— *Verdi:* Calibri uthøva 21 pt, 100 % svart; og Calibri normal 8 pt, 100 % svart.

#### **8 Fluideodynamisk effektivitet**

— Piktogram slik figuren viser

— *Kantlinje:* 1 pt — farge: cyan 100 % — avrunda hjørne: 2,5 mm.

— *Verdi:* Calibri normal 6 pt, 100 % svart; og Calibri uthøva 11,5 pt, 100 % svart.

#### **9 Lysgjevingseffektivitet**

— *Piktogram slik figuren viser*

— *Kantlinje:* 1 pt — farge: cyan 100 % — avrunda hjørne: 2,5 mm.

— *Verdi:* Calibri normal 6 pt, 100 % svart; og Calibri uthøva 11,5 pt, 100 % svart.

#### **10 Feittfiltreringseffektivitet**

— *Piktogram slik figuren viser*

— *Kantlinje:* 1 pt — farge: cyan 100 % — avrunda hjørne: 2,5 mm.

— *Verdi:* Calibri normal 10 pt, 100 % svart; og Calibri uthøva 14 pt, 100 % svart.

**11 Støynivå**

- *Piktogram slik figuren viser*
- *Kantlinje:* 1 pt — farge: cyan 100 % — avrunda hjørne: 2,5 mm.
- *Verdi:* Calibri normal 6 pt, 100 % svart; og Calibri utheva 11,5 pt, 100 % svart.

**12 Nummeret til forordninga:** Calibri utheva 8 pt, 100 % svart**13 Namnet eller varemerket til leverandøren****14 Modellnemninga til leverandøren**

- 15** Namnet på eller varemerket til leverandøren og modellnemninga bør få plass i eit felt på 51 × 9 mm.
-

***VEDLEGG IV*****Datablad****A. DATABLAD FOR STEIKJEOMNAR TIL HUSHALDSBRUK**

1. Dei opplysningane i produktdatabladet for steikjeomnar til hushaldsbruk som er nemnde i artikkel 3 nr. 1 bokstav a) ii), skal førast opp slik det er fastsett nedanfor og i den same rekjkjefølgja, og dei skal takast med i produktbrosjyren eller anna skriftleg materiale som følgjer med produktet:
  - a) Namnet eller varemerket til leverandøren.
  - b) Modellnemninga til leverandøren, dvs. koden, vanlegvis alfanumerisk, som skil ein viss steikjeomsmodell til hushaldsbruk frå andre modellar med same varemerke eller leverandør, og med andre oppgjevne verdiar for dei parametrane som er ført opp på etiketten til steikjeomnen til hushaldsbruk (nr. 1 i vedlegg III).
  - c) Energieffektivitetsindeksen ( $EEI_{rom}$ ) for kvart einskilt rom i modellen utrekna i samsvar med nr. 1 i vedlegg II og avrunda til éin desimal. Den oppgjevne energieffektivitetsindeksen skal ikkje overstige den indeksen som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - d) Energieffektivitetsklassen til kvart einskilt rom i modellen, som definert i tabell 1 i vedlegg I. Den oppgjevne klassen skal ikkje vere meir gunstig enn den klassen som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - e) Energiforbruket per syklus til kvart av romma i vanleg tilstand og eventuelt i varmluftstilstand (det målte energiforbruket skal uttrykkjast i kWh (elektriske steikjeomnar og gass-steikjeomnar) og i MJ (gass-steikjeomnar) og avrundast til to desimalar). Den oppgjevne verdien skal ikkje vere lågare enn den verdien som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - f) Talet på rom, varmekjelde(r) per rom og volumet til kvart einskilt rom.
2. Dersom ein modell er tildelt eit EU-miljømerke i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009(<sup>1</sup>), kan ein kopi av miljømerket leggjast til, utan at det rører ved dei krava som er fastsette i medhald av ordninga for miljømerking i Fellesskapet.
3. Eitt og same datablad kan omfatte fleire steikjeomsmodellar til hushaldsbruk frå den same leverandøren.
4. Opplysningane i databladet kan gjevest i form av ein kopi av etiketten, anten i fargar eller i svart-kvitt, for kvart einskilt rom. Når dette vert gjort, skal dei opplysningane som er oppførte i nr. 1, og som ikkje alt er påførte etiketten, òg førast opp her.

**B. DATABLAD FOR AVTREKKSHETTER TIL HUSHALDSBRUK**

1. Dei opplysningane i produktdatabladet for avtrekkshetter til hushaldsbruk som er nemnde i artikkel 3 nr. 1 bokstav b) ii), skal førast opp slik det er fastsett nedanfor og i den same rekjkjefølgja, og dei skal takast med i produktbrosjyren eller anna skriftleg materiale som følgjer med produktet:
  - a) Namnet eller varemerket til leverandøren.
  - b) Modellnemninga til leverandøren, dvs. koden, vanlegvis alfanumerisk, som skil ein viss avtrekkshettemodell til hushaldsbruk frå andre modellar med same varemerke eller leverandør, og med andre oppgjevne verdiar for dei parametrane som er ført opp på etiketten til avtrekkshetta til hushaldsbruk (nr. 2 i vedlegg III).
  - c) Det årlege energiforbruket ( $AEC_{hette}$ ) utrekna i samsvar med nr. 2 i vedlegg II, uttrykt i kWh/år og avrunda til éin desimal. Den oppgjevne verdien skal ikkje vere lågare enn den verdien som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - d) Energieffektivitetsklassen som definert i tabell 2 i vedlegg I. Den oppgjevne klassen skal ikkje vere meir gunstig enn den klassen som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - e) Den fluidodynamiske effektiviteten ( $FDE_{hette}$ ) utrekna i samsvar med nr. 2 i vedlegg II og avrunda til éin desimal. Den oppgjevne verdien skal ikkje vere høgare enn den verdien som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - f) Klassen av fluidodynamisk effektivitet som definert i tabell 3 i vedlegg I. Den oppgjevne klassen skal ikkje vere betre enn den klassen som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.

(<sup>1</sup>) TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

- g) Lysgjevingseffektiviteten ( $LE_{hette}$ ) utrekna i samsvar med nr. 2 i vedlegg II, uttrykt i lux/watt og avrunda til éin desimal. Den oppgjevne verdien skal ikkje vere høgare enn den verdien som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - h) Lysgjevingseffektivitetsklassen som definert i tabell 4 i vedlegg I. Den oppgjevne klassen skal ikkje vere betre enn den klassen som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - i) Feittfiltreringseffektiviteten utrekna i samsvar med nr. 2 i vedlegg II, uttrykt i prosent og avrunda til éin desimal. Den oppgjevne verdien skal ikkje vere høgare enn den verdien som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - j) Klassen av feittfiltreringseffektivitet som definert i tabell 5 i vedlegg I. Den oppgjevne klassen skal ikkje vere betre enn den klassen som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - k) Luftgjennomstrøyminga (uttrykt i  $m^3/h$  og avrunda til nærmaste heiltal) ved den lågaste og høgste farten ved normal bruk, ikkje medrekna ein intensiv tilstand eller snøggttilstand. Dei oppgjevne verdiane skal ikkje vere høgare enn dei verdiane som er oppførte i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - l) Luftgjennomstrøyminga (uttrykt i  $m^3/h$  og avrunda til nærmaste heiltal) ved ei eventuell innstilling for intensiv tilstand eller snøggttilstand. Den oppgjevne verdien skal ikkje vere høgare enn dei verdiane som er oppførte i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - m) Den A-vegne luftstøyen (uttrykt i dB og avrunda til nærmaste heiltal) ved den lågaste og høgste farten som er tilgjengeleg ved normal bruk. Den oppgjevne verdien skal ikkje vere lågare enn den verdien som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - n) Den A-vegne luftstøyen (uttrykt i dB og avrunda til nærmaste heiltal) ved ei eventuell innstilling for intensiv tilstand eller snøggttilstand. Den oppgjevne verdien skal ikkje være lågare enn den verdien som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - o) Eventuelt effektforbruket i avslått tilstand ( $P_0$ ) uttrykt i watt og avrunda til to desimalar. Dei oppgjevne verdiane skal ikkje vere lågare enn dei verdiane som er oppførte i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - p) Eventuelt effektforbruket i kviletilstand ( $P_s$ ) uttrykt i watt og avrunda til to desimalar. Dei oppgjevne verdiane skal ikkje vere lågare enn dei verdiane som er oppførte i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
2. Eitt og same datablad kan omfatte fleire modellar av ei avtrekkshette til hushaldsbruk frå den same leverandøren.
3. Opplysingane i databladet kan gjevest i form av ein kopi av etiketten, anten i fargar eller i svart-kvitt. Når dette vert gjort, skal dei opplysingane som er oppførte i nr. 1, og som ikkje alt er påførte etiketten, òg førast opp her.
-

***VEDLEGG V*****Teknisk dokumentasjon****A. TEKNISK DOKUMENTASJON FOR STEIKJEOMNAR TIL HUSHALDSBRUK**

1. Den tekniske dokumentasjonen som er nemnd i artikkel 3 nr. 1 bokstav a) iii), skal minst omfatte følgjande:
  - a) Namnet og adressa til leverandøren.
  - b) Ei generell omtale av apparatmodellen som gjer det mogleg å identifisere han på ein enkel og eintydig måte, medrekna modellnemninga til leverandøren, dvs. koden, vanlegvis alfanumerisk, som skil ein viss steikjeomnsmodell til hushaldsbruk frå andre modellar med same varemerke eller leverandør, og med andre oppgjevne verdiar for dei parametrane som er ført opp på etiketten til steikjeomnen til hushaldsbruk (nr. 1 i vedlegg III).
  - c) Følgjande tekniske parametar for målingar:
    - i) Talet på rom, volumet til kvart einskilt rom, varmekjelde(r) per rom, oppvarmingsfunksjon(ar) (vanleg og/eller varmluft) per rom.
    - ii) Energiforbruket per syklus til kvart av romma i vanleg tilstand og eventuelt i varmluftstilstand. Det målte energiforbruket skal uttrykkjast i kWh (elektriske steikjeomnar og gass-steikjeomnar) og i MJ (gass-steikjeomnar) og avrundast til to desimalar.
    - iii) Energieffektivitetsindeksen ( $EEI_{rom}$ ) for kvart einskilt rom i steikjeomnen til hushaldsbruk utrekna i samsvar med nr. 1 i vedlegg II og avrunda til éin desimal.
    - iv) Energieffektivitetsklassen for kvart einskilt rom i steikjeomnen til hushaldsbruk, som definert i tabell 1 i vedlegg I.
  - d) Ein kopi av utrekninga og resultata av utrekningane som er gjorde i samsvar med vedlegg II.
  - e) Tilvisingar til eventuelle harmoniserte standardar som er nytta.
  - f) Eventuelle andre tekniske standardar og spesifikasjonar som er nytta.
  - g) Namnet på og underskrifta til den personen som har fullmakt til å gjere bindande avtaler på vegner av leverandøren.
2. Leverandørane kan ta med tilleggsopplysningar på slutten av lista ovanfor.

**B. TEKNISK DOKUMENTASJON FOR AVTREKKSHETTER TIL HUSHALDSBRUK**

1. Den tekniske dokumentasjonen som er nemnd i artikkel 3 nr. 1 bokstav b) iii), skal minst omfatte følgjande:
  - a) Namnet og adressa til leverandøren.
  - b) Ei generell omtale av apparatmodellen som gjer det mogleg å identifisere han på ein enkel og eintydig måte, medrekna modellnemninga til leverandøren, dvs. koden, vanlegvis alfanumerisk, som skil ein viss avtrekkshettemodell til hushaldsbruk frå andre modellar med same varemerke eller leverandør, og med andre oppgjevne verdiar for dei parametrane som er ført opp på etiketten til avtrekkshetta til hushaldsbruk (nr. 2 i vedlegg III).
  - c) Følgjande tekniske parametar for målingar:
    - 1) Energieffektivitetsindeksen ( $EEI_{hette}$ ) utrekna i samsvar med nr. 2 i vedlegg II og avrunda til éin desimal.
    - 2) Energieffektivitetsklassen som definert i tabell 2 i vedlegg I.
    - 3) Det årlege energiforbruket ( $AEC_{hette}$ ) utrekna i samsvar med nr. 2 i vedlegg II, uttrykt i kWh/år og avrunda til éin desimal.
    - 4) Tidslengs faktoren ( $f$ ) i samsvar med nr. 2 i vedlegg II og avrunda til éin desimal.
    - 5) Den fluidynamiske effektiviteten ( $FDE_{hette}$ ) utrekna i samsvar med nr. 2 i vedlegg II og avrunda til éin desimal.
    - 6) Klassen av fluidodynamisk effektivitet som definert i tabell 3 i vedlegg I.
    - 7) Den målte gjennomstrøymingsfarten i avtrekkshetta til hushaldsbruk ved punktet for beste verknadsgrad ( $Q_{BEP}$ ), uttrykt i  $m^3/h$  og avrunda til éin desimal.

- 8) Den målte verdien for den statiske trykkforskjellen i avtrekkshetta til hushaldsbruk ved punktet for beste verknadsgrad ( $P_{BEP}$ ), uttrykt i Pa og avrunda til nærmaste heiltal.
  - 9) Den målte verdien for den elektriske inngangseffekten til avtrekkshetta til hushaldsbruk ved punktet for beste verknadsgrad ( $W_{BEP}$ ), uttrykt i watt og avrunda til éin desimal.
  - 10) Den gjennomsnittlege lysstyrken til lysgjevingssystemet over kokeflata ( $E_{gjennomsnitt}$ ), uttrykt i lux og avrunda til nærmaste heiltal.
  - 11) Det nominelle effektforbruket til lysgjevingssystemet over kokeflata ( $W_L$ ), uttrykt i watt og avrunda til éin desimal.
  - 12) Den målte verdien for lysgjevingseffektivitet ( $LE_{hette}$ ) utrekna i samsvar med nr. 2 i vedlegg II, uttrykt i lux/watt og avrunda til nærmaste heiltal.
  - 13) Lysgjevingseffektivitetsklassen som definert i tabell 4 i vedlegg I.
  - 14) Den målte verdien for feittfiltreringseffektivitet ( $GFE_{hette}$ ) utrekna i samsvar med nr. 2 i vedlegg II og avrunda til nærmaste heiltal.
  - 15) Klassen av feittfiltreringseffektivitet som definert i tabell 5 i vedlegg I.
  - 16) Eventuelt effektforbruket i avslått tilstand ( $P_o$ ), uttrykt i watt og avrunda til to desimalar.
  - 17) Eventuelt effektforbruket i kviletilstand ( $P_s$ ), uttrykt i watt og avrunda til to desimalar.
  - 18) Den A-vegne luftstøyen ved den lågaste og høgste farten som er tilgjengeleg ved normal bruk, uttrykt i dB og avrunda til nærmaste heiltal.
  - 19) Den A-vegne luftstøyen ved ei eventuell innstilling for intensiv tilstand eller snøggttilstand, uttrykt i dB og avrunda til nærmaste heiltal.
  - 20) Gjennomstrøymingsverdiane for avtrekkshetta til hushaldsbruk ved den lågaste og høgste farten som er tilgjengeleg ved normal bruk, uttrykt i  $m^3/h$  og avrunda til éin desimal.
  - 21) Gjennomstrøymingsverdien for avtrekkshetta til hushaldsbruk ved ei eventuell innstilling for intensiv tilstand eller snøggttilstand, uttrykt i  $m^3/h$  og avrunda til éin desimal.
- d) Ein kopi av utrekningane og resultata av utrekningane som er gjorde i samsvar med vedlegg II.
  - e) Tilvisingar til eventuelle harmoniserte standardar som er nytta.
  - f) Eventuelle andre tekniske standardar og spesifikasjonar som er nytta.
  - g) Namnet på og underskrifta til den personen som har fullmakt til å gjere bindande avtaler på vegner av leverandøren.
2. Leverandørar kan legge til fleire opplysningar.

***VEDLEGG VI*****O PPLYSNINGAR SOM SKAL GJEVAST I TILFELLE DER SLUTTBRUKARANE IKKJE KAN VENTE Å FÅ SJÅ PRODUKTET  
UTSTILT, BORTSETT FRÅ PÅ INTERNETT****A. STEIKJEOMNAR TIL HUSHALDSBRUK**

1. Dei opplysingane som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 bokstav b), skal gjevast i følgjande rekjkjefølgje:
  - a) Namnet eller varemerket til leverandøren.
  - b) Modellnemninga til leverandøren, dvs. modellnemninga til den spesifikke steikjeomnen til hushaldsbruk som tala nedanfor gjeld for.
  - c) Energieffektivitetsklassen til kvart einskilt rom i modellen, som definert i tabell 1 i vedlegg I. Den oppgjevne klassen skal ikkje vere meir gunstig enn den klassen som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - d) Energiforbruket persyklus til kvart av romma i vanleg tilstand og eventuelt i varmluftstilstand. Det målte energiforbruket skal uttrykkjast i kWh (elektriske steikjeomnar og gass-steikjeomnar) og i MJ (gass-steikjeomnar) og avrundast til to desimalar. Den oppgjevne verdien skal ikkje vere lågare enn den verdien som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - e) Talet på rom, varmekjelde(r) per rom og volumet til kvart einskilt rom.
2. Dersom det vert gjeve ytterlegare opplysningar i produktdatabladet, skal desse ha den forma og rekjkjefølgja som er fastsett i vedlegg IV.
3. Alle opplysingane som er nemnde i dette vedlegget, skal prentast eller visast med ein storleik og ein font som gjer dei lette å lese.

**B. AVTREKKSHETTER TIL HUSHALDSBRUK**

1. Dei opplysingane som er nemnde i artikkel 4 nr. 2 bokstav b), skal gjevast i følgjande rekjkjefølgje:
  - a) Namnet eller varemerket til leverandøren.
  - b) Modellnemninga til leverandøren, dvs. modellnemninga til den spesifikke avtrekkshetta som tala nedanfor gjeld for.
  - c) Energieffektivitetsklassen til modellen, som definert i tabell 2 i vedlegg I. Den oppgjevne klassen skal ikkje vere meir gunstig enn den klassen som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - d) Det årlege energiforbruket til modellen uttrykt i kWh, som definert i nr. 2.1 i vedlegg II. Den oppgjevne verdien skal ikkje vere lågare enn den verdien som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - e) Klassen av fluiddynamisk effektivitet for modellen, som definert i tabell 3 i vedlegg I. Den oppgjevne klassen skal ikkje vere meir gunstig enn den klassen som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - f) Lysgjevingseffektivitetsklassen for modellen, som definert i tabell 4 i vedlegg I. Den oppgjevne klassen skal ikkje vere meir gunstig enn den klassen som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - g) Klassen av feittfiltreringseffektivitet for modellen, som definert i tabell 5 i vedlegg I. Den oppgjevne klassen skal ikkje vere meir gunstig enn den klassen som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
  - h) Den A-vegne luftstøyen (vegen gjennomsnittsverdi –  $L_{WA}$ ) til ei avtrekkshette til hushaldsbruk ved den lågaste og høgste farten som er tilgjengeleg ved normal bruk, uttrykt i dB og avrunda til nærmaste heiltal. Den oppgjevne verdien skal ikkje vere lågare enn den verdien som er oppført i den tekniske dokumentasjonen i vedlegg V.
2. Dersom det vert gjeve ytterlegare opplysningar i produktdatabladet, skal desse ha den forma og rekjkjefølgja som er fastsett i vedlegg IV.
3. Alle opplysingane som er nemnde i dette vedlegget, skal prentast eller visast med ein storleik og ein font som gjer dei lette å lese.

**VEDLEGG VII****O PPLYSNINGAR SOM SKAL GJEVAST VED SAL, LEIGE ELLER KJØP PÅ AVBETALING PÅ INTERNETT**

1. I nr. 2 til 5 i dette vedlegget tyder:
  - a) «visingsmekanisme» alle skjermar, medrekna trykkskjermar eller annan visuell teknologi som vert nytta til å vise brukarar internett-innhald,
  - b) «nesta vising» eit visuelt grensesnitt der brukaren får sjå biletet eller informasjon etter å ha klikka med musa på, ført musepeikaren over eller trykt på eit anna biletet eller annan informasjon på skjermen,
  - c) «trykkskjerm» ein skjerm som reagerer når nokon rører han, til dømes på nettbrett med tastatur, nettbrett eller smarttelefonar,
  - d) «alternativ tekst» tekst som vert vist som eit alternativ til grafisk innhald, og som gjer det mogleg med ei ikkje-grafisk framstilling av informasjonen dersom visingsinnretningane ikkje kan attgje grafikken, eller som ei tilgangsstøtte, mellom anna som inndata til talesyntesesystem.
2. Ein korrekt etikett, som leverandøren har gjort tilgjengeleg i samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav a) vi) eller artikkel 3 nr. 1 bokstav b) vi), skal vere synleg på visingsmekanismen i nærleiken av prisen på produktet i samsvar med den tidsplanen som er fastsett i artikkel 3 nr. 3). For steikjeomnar skal kvart einskilt steikjeomnsrom vere merka med korrekte etikettar. Etiketten skal ha ein storleik som gjer han godt synleg, lett å lese og står i høve til storleiken som er oppført i vedlegg III. Etiketten kan visast ved hjelp av ei nesto vising, så framt biletet som vert nytta for å få tilgang til etiketten, oppfyller spesifikasjonane som er fastsette i nr. 3 i dette vedlegget. Dersom nesto vising vert nytta, skal etiketten visast ved første museklikk på biletet, eller ved å føre musepeikaren over det eller trykkje på det.
3. Det biletet som vert nytta for å få tilgang til etiketten i ei nesto vising, skal:
  - a) vere ei pil som har ein farge som svarar til energieffektivitetsklassen til produktet på etiketten,
  - b) vise energieffektivitetsklassen til produktet i kvitt på pilen og med same fontstorleik som prisen, og
  - c) ha eitt av følgjande to format:


4. Ved bruk av nesto vising skal etiketten verte vist i følgjande rekjkjefølgje:
  - a) Biletet som er nemnt i nr. 3 i dette vedlegget, skal visast på visingsmekanismen i nærleiken av prisen på produktet.
  - b) Biletet skal innehalde ei lenkje til etiketten.
  - c) Etiketten skal visast etter eit museklikk på biletet, etter at musepeikaren er ført over det eller etter at biletet er trykt på.
  - d) Etiketten skal visast i eit sprettoppvindauge, i ei ny fane, på ei ny side eller i eit skjermbilete som vert sett inn.
  - e) Ved forstørring av etiketten på trykkskjermar skal dei normale funksjonane for forstørring på trykkskjermar nyttast.
  - f) Visinga av etiketten skal lukkast ved hjelp av ein lukkefunksjon eller ein annan standard lukkemekanisme.
  - g) Den alternative grafikkteksten som skal visast dersom ikkje etiketten vert vist, skal vere energieffektivitetsklassen til produktet med same fontstorleik som prisen.
5. Eit korrekt produktdatablad, som leverandøren har gjort tilgjengeleg i samsvar med artikkel 3 nr. 1 bokstav a) vii) eller artikkel 3 nr. 1 bokstav b) vii), skal vere synleg på visingsmekanismen i nærleiken av prisen på produktet. Produktdatabladet skal ha ein storleik som gjer det godt synleg og lett å lese. Produktdatabladet kan visast ved hjelp av ei nesto vising, og lenkja som vert nytta til å opne databladet, skal då vere tydeleg og lett leseleg merka med «produktdatablad». Dersom nesto vising vert nytta, skal produktdatabladet visast ved første museklikk på lenkja, eller ved å føre musepeikaren over eller trykkje på henne.

**VEDLEGG VIII****FRAMGANGSMÅTE FOR KONTROLL UTFØRT AV MARKNADSTILSYNSSTYRESMAKTENE MED OMSYN TIL  
PRODUKTSAMSVAR**

Når styresmaktene i medlemsstatane skal vurdere om eit produkt oppfyller dei krava som er fastsette i denne forordninga, skal dei nytte følgjande framgangsmåte:

1. Styresmaktene i medlemsstatane skal prøve éi einskild eining per modell.
2. Modellen skal reknast for å oppfylle dei gjeldande krava dersom
  - a) verdiane og klassane på etiketten og i produktetabladelet ikkje er gunstigare for leverandøren enn verdiane i den tekniske dokumentasjonen, medrekna prøvingsrapportar, og
  - b) prøving av dei relevante modellparametrane etter dei toleransane som er oppførte i tabell 6, syner at krava er oppfylte for alle desse parametrane.
3. Dersom det resultatet som er nemnt i nr. 2 a) ikkje vert nådd, skal modellen og alle tilsvarende modellar reknast for ikkje å oppfylle krava i denne forordninga.
4. Dersom det resultatet som er nemnt i nr. 2 b) ikkje vert nådd, skal styresmaktene i medlemsstatane utføre prøvingar med ytterlegare tre einingar av den same modellen. Alternativt kan desse tre einingane vere av éin eller fleire ulike modellar som er oppførte som tilsvarende produkt i den tekniske dokumentasjonen frå produsenten.
5. Modellen skal reknast for å oppfylle dei gjeldande krava dersom prøving av dei relevante modellparametrane som er oppførte i tabell 6, syner at krava er oppfylte for alle desse parametrane.
6. Dersom det resultatet som er nemnt i nr. 5 ikkje vert nådd, skal modellen og alle tilsvarende modellar reknast for ikkje å oppfylle krava i denne forordninga. Styresmaktene i medlemsstatane skal legge fram prøvingsresultata og andre opplysningar som er relevante for styresmaktene i andre medlemsstatar og Kommisjonen, innan éin månad etter at avgjøra om at modellen ikkje oppfyller krava, er teken.

Styresmaktene i medlemsstatane skal nytte dei måle- og utrekningsmetodane som er fastsette i vedlegg II.

Dei toleransane som er fastsette i dette vedlegget, skal nyttast berre på den verifiseringa som styresmaktene i medlemsstatane gjer av dei målte parametrane, og representerer tillatne avvik i måleresultata frå kontrollprøvene; leverandøren skal ikkje nytte desse til å fastsetje verdiane i den tekniske dokumentasjonen eller til å tolke dei for å oppnå ei betre merkingsklassifisering eller på annan måte gje inntrykk av betre yting.

**Tabell 6****Verifiseringstoleransar**

Målte parametrar	Verifiseringstoleransar
Massen til steikjeomnen (M)	Den fastsette verdien skal ikkje overstige den oppgjevne verdien for M med meir enn 5 %.
Romvolumet til steikjeomnen (V)	Den fastsette verdien skal ikkje vere meir enn 5 % lågare enn den oppgjevne verdien for V.
EC <sub>elektrisk rom</sub> , EC <sub>gassrom</sub>	Den fastsette verdien skal ikkje overstige den oppgjevne verdien for EC <sub>elektrisk rom</sub> , EC <sub>gassrom</sub> med meir enn 5 %.
W <sub>BEP</sub> , W <sub>L</sub>	Den fastsette verdien skal ikkje overstige den oppgjevne verdien for W <sub>BEP</sub> , W <sub>L</sub> med meir enn 5 %.
Q <sub>BEP</sub> , P <sub>BEP</sub>	Den fastsette verdien skal ikkje vere meir enn 5 % lågare enn den oppgjevne verdien for Q <sub>BEP</sub> , P <sub>BEP</sub> .
Q <sub>maks.</sub>	Den fastsette verdien skal ikkje overstige den oppgjevne verdien for Q <sub>maks.</sub> med meir enn 8 %.
E <sub>gjennomsnitt</sub>	Den fastsette verdien skal ikkje vere meir enn 5 % lågare enn den oppgjevne verdien for E <sub>gjennomsnitt</sub> .
GFE <sub>hette</sub>	Den fastsette verdien skal ikkje vere meir enn 5 % lågare enn den oppgjevne verdien for GFE <sub>hette</sub> .
P <sub>o</sub> , P <sub>s</sub>	Den fastsette verdien for effektforbruket P <sub>o</sub> og P <sub>s</sub> skal ikkje overstige den oppgjevne verdien med meir enn 10 %. Den fastsette verdien for effektforbruket P <sub>o</sub> og P <sub>s</sub> på 1,00 W eller mindre skal ikkje overstige den oppgjevne verdien med meir enn 0,10 W.
Lydeffektnivå L <sub>WA</sub>	Den fastsette verdien skal ikkje vere større enn den oppgjevne verdien.